



Søsterselskapet As
Kopper 13
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/39 - 23/2455

Sakshandsamar:
Berit Karin Rystad
berit.karin.rystad@fedje.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Leigeavtale 1 etasje i Stormarkvegen 7, "Posthuset"

Administrativt vedtak. Saknr: 022/23

Saksutgreiing:

Me syner til førespurnad motteke 05.05.2023.
Leigeavtale mellom Fedje kommune og søsterselskapet AS.

Fedje kommune ved kommunedirektør Berit Karin Rystad har i dag avtalt å leige ut lokala i 1 etasje i Stormarkvegen 7, «1 etg i Posthuset»
Leigeavtale vert inngått frå 10.05.2023, leigetakar har 3 månaders gjensidig oppseiingstid. Oppseiinga er frå den 01. i kvar månad.
Avtalen vert inngått for 1 år med høve til å forlenga avtalen 1 nytt år frå 10.05.2024. Ynskjer leigetakar fornya avtalen må ny kontrakt vera inngått innan 09.05.2024.

Lokala skal brukast til kontor.

Fedje kommune skal skifte varmtvasstank, lokalet vert leigd ut slik det står i dag. Søsterselskapet AS kan pusse opp på eiga rekning om dei ynskjer det.
Leige er 6000,- pr månad .
Søsterselskapet AS har ansvar for å skifte leverandør av straum.
Lokala har innlagt breiband i lokala, kommunen har i dag ei bindingstid på abonnementet, det kostar 2500,- kr pluss mva i månaden. Søsterselskapet AS vert fakturert for breibandet i tillegg til husleiga.
Søsterselskapet AS kan ikkje driva med framleige av lokala.

Søsterselskapet AS tilbyr gubbeklubben å nytta lokala i Pernille eller Landsbykafeen, når det ikkje er anna aktivitet i lokala, gubbeklubben får nytta lokala vederlagsfritt. Gubbeklubben nyttar lokala kvar måndag frå klokka 1000 til 1130.

Avtalar om nyklar er alt avtalt med kommunedirektør Berit Karin Rystad.
Avtalen vert sendt til digital signering, avtalen må vera signert innan 8 dagar.

Vedtak

Fedje kommune leigar ut lokala Stormarkvegen 7, «1 etg i Posthuset» til Søsterselskapet AS. Søsterselskapet AS skal nytta lokala til kontor.

Leigeavtale vert inngått frå 10.05.2023 avtalen vert inngått for 1 år med høve til å forlenga avtalen 1 nytt år frå 10.05.2024. Ynskjer leigetakar fornya avtalen må ny kontrakt vera inngått innan 09.05.2024. Straum er ikkje med i husleiga. Breiband vert fakturert Søsterselskapet med 2500,- kr pluss mva for månaden.

Søsterselskapet AS tilbyr gubbeklubben å nytta lokala i Pernille eller Landsbykafeen, når det ikkje er anna aktivitet i lokala, gubbeklubben får nytta lokala vederlagsfritt. Gubbeklubben nyttar lokala kvar måndag frå klokka 1000 til 1130.

Avtalen har 3 månaders gjensidig oppseiingstid. Oppseiinga er frå den 01.i kvar månad.

Søsterselskapet AS kan ikkje framleiga lokalet.

Med helsing

Berit Karin Rystad
Kommunedirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Søsterselskapet As

Kopper 13

5947

Fedje